



MØTEBOK 02/26

PLAN- OG MILJØUTVALET

Møtedato: 03.03.2026**Møtetid:**

Kl. 08:30 - 13:00

Møtestad: Sula rådhus, 4. etg**Saksnr.:**

007/26 – 021/26

Følgjande medlem møtte

Jim Arve Røssevoll

Karoline Antonie Slinning

Øystein Båtnes

Jan Arne Sletta

Jan Magnar Sandvik

Parti

AP

AP

FRP

H

SUL

Forfall meldt frå følgjande medl.

Natalia Øvstegård

Sissel Andersen

Parti

FRP

FRP

Følgjande varamedlem møtte

Ronny Blomvik

Kjell Petter Dyb

Parti

FRP

FRP

Møteleiar:	Øystein Båtnes
Frå administrasjonen:	Kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen, HR-leiar Torry Larsen, fungerande einingsleiar / seniorrådgivar Terje Havnegjerde, einingsleiar John-Magne Eikrem (eigedom), rådgivar Per Ola Bjørkavåg Ravnå, ingeniør Fride Drønne, politisk sekretæriat: Frode Elias Synnes og Anne Lise Engkrog Salen.
Innkalling:	Innkalling med sakliste er sendt ut på førehand. Saksdokumenta til møtet har vore tilgjengelege for politikarane på møteportalen (https://sula.acosky.no/moteportal) og for publikum på Sula kommune si heimeside. Innkallinga vart godkjent.
Sakliste:	Ok.
Utlevert i møtet:	-
Diverse:	Ordførar deltok

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
007/26	Godkjenning av møtebok nr. 01/26	
008/26	Vasset Borettslag - Statusrapport nr 01 dato 03.03.26	
009/26	Søknad om køyreløyve i Idrettslagets løypenett - Taustuløypa - Tursti Mausavatnet	
010/26	Gnr 111 bnr 154 mfl - Dispensasjonsvurdering - Overføringsleidning	
011/26	Kommunedelplan for vassforsyning, avløp og overvatn 2026-2036, endeleg behandling	
012/26	Planomriss og avgrensing av reguleringsplan for trygg skuleveg	
013/26	Varsling av oppstart og kunngjering om temaplan for naturmangfald	
014/26	Rapportering frå eining for eigedom og eining for tekniske tenester	
015/26	Gnr 74 bnr 275 - Dispensasjonsvurdering i samband med søknad om Ny bustad	
016/26	Delegerte saker	
017/26	Eventuelt - spørsmål - orienteringar	
018/26	Gnr 64 bnr 106 - Klage på vedtak - Dispensasjons frå rekkefølgekrav mm	
019/26	Gnr 94 bnr 403 m.fl. - Rammeløyve - Overføringsleidningar i sjø - Dispensasjon	
020/26	Gnr 63 bnr 142 m.fl. - Ålesund kommune - Rammeløyve for pumpestasjon - Dispensasjon	
021/26	Gnr 109 bnr 380 - Vedtak for rammeløyve - Pumpestasjon - Dispensasjon	

007/26: Godkjenning av møtebok nr. 01/26

Møteboka blir godkjent.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.03.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 007/26 Vedtak:

Møteboka blir godkjent.

008/26: Vasset Borettslag - Statusrapport nr 01 dato 03.03.26

Kommunedirektøren si innstilling:

Orientering om status for investeringsprosjekta Vasset Borettslag takast til vitande.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.03.2026

Saka vart drøfta og det var ein runde med spørsmål og svar.

PM - 008/26 Vedtak:

Orientering om status for investeringsprosjekta Vasset Borettslag takast til vitande.

009/26: Søknad om køyreløyve i Idrettslagets løypenett - Taustuløypa - Tursti Mausavatnet

Kommunedirektøren si innstilling:

I medhald av lov 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova - mfl.) § 6 første ledd innvilgar Plan- og miljøutvalet søknad av 30.01.2026 om generelt løyve til ferdsel. Løyvet er gyldig frå den dato det vert kunngjort for søkar og t.o.m. 31.12.2026. Løyvet gjeld berre ferdsel til slike føremål som gjeng fram av søknaden.

Løyvet er gitt på følgande vilkår, jf. mfl. § 6 andre ledd siste punktum:

1. Sula Sportsklubb / Taustugruppa får løyve til bruk av motorisert køyretøy i Taustuløypa, Skalleløypa og rundt Mausavatnet på barmark, i samsvar med § 6 i forskriften om bruk av motorisert køyretøy i utmark, **såframt grunneigar har gitt samtykke til ferdsel på sitt område.**
2. Løyvet gjeld for inntil 20 turar i 2026, fordelt på:
 - a. 5 turar rundt Mausavatnet

- b. 15 turar i Taustuløypa/Taustuhytta
Justering av turfordeling kan skje ved behov innanfor totalramma på 20 turar.
3. All annan kjøring utanom ordinær drift, inkludert tømning av toalett eller liknande, krev særskilt løyve.
4. Kjøring skal skje på ein måte som minimerer skade på natur og løypenett, og loggføring av turar skal følgjast opp i tråd med tidlegare praksis.
5. Kommunen legg vekt på at løyvet balanserer drift av friluftsanlegg med omsyn til naturmangfald og lokalsamfunnets nytte av området, **men respekterer til enhver tid grunneigars rett til å nekte ferdsel på sitt område.**

Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.03.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt

PM - 009/26 Vedtak:

I medhald av lov 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova - mfl.) § 6 første ledd innvilgar Plan- og miljøutvalet søknad av 30.01.2026 om generelt løyve til ferdsel. Løyvet er gyldig frå den dato det vert kunngjort for søkar og t.o.m. 31.12.2026. Løyvet gjeld berre ferdsel til slike føremål som gjeng fram av søknaden.

Løyvet er gitt på følgande vilkår, jf. mfl. § 6 andre ledd siste punktum:

1. Sula Sportsklubb / Taustugruppa får løyve til bruk av motorisert køyretøy i Taustuløypa, Skalleløypa og rundt Mausavatnet på barmark, i samsvar med § 6 i forskriften om bruk av motorisert køyretøy i utmark, **såframt grunneigar har gitt samtykke til ferdsel på sitt område.**
2. Løyvet gjeld for inntil 20 turar i 2026, fordelt på:
 - a. 5 turar rundt Mausavatnet
 - b. 15 turar i Taustuløypa/Taustuhytta
Justering av turfordeling kan skje ved behov innanfor totalramma på 20 turar.
3. All annan kjøring utanom ordinær drift, inkludert tømning av toalett eller liknande, krev særskilt løyve.
4. Kjøring skal skje på ein måte som minimerer skade på natur og løypenett, og loggføring av turar skal følgjast opp i tråd med tidlegare praksis.
5. Kommunen legg vekt på at løyvet balanserer drift av friluftsanlegg med omsyn til naturmangfald og lokalsamfunnets nytte av området, **men respekterer til enhver tid grunneigars rett til å nekte ferdsel på sitt område.**

010/26: Gnr 111 bnr 154 mfl - Dispensasjonsvurdering - Overføringsleidning

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 gir Plan- og miljøutvalet dispensasjon frå:

Kommuneplanen sin arealdel for arealformåla *grønnstruktur, friluftsområde, naustområde og sentrumsformål*, der leidningstraséane kryssar desse, plan- og bygningslova § 1-8, om byggeforbod i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag,

plan- og bygningslova § 12-1, krav om reguleringsplan før gjennomføring av tiltak, og områdeplan for Langevåg, kravet om utarbeiding av detaljert situasjonsplan for kai- og badeområde før tiltak kan gjennomførast.

Dispensasjonen gjeld etablering av nye vatn- og avløpsleidningar på strekningane Sulatunet–Lerheims kaia og Kippervika–Orkevika, med tilhøyrande anlegg.

Grunngjeving: Tiltaket er ein nødvendig del av nytt og framtidsretta avløpssystem for Sula og Ålesund. Leidningane blir lagde i grunnen eller på botn av Vågevatnet og medfører ikkje varig hinder for ferdsel, friluftsliv eller landskap. Omsyna bak føresegner og arealformål blir ikkje vesentleg tilsidesett. Fordelane – miljøgevinst, redusert forureining, oppfylling av reinsekrav og samfunnstryggleik – er klart større enn ulempe.

Vilkår:

1: Arkeologisk registrering etter kulturminnelova § 9 skal gjennomførast før oppstart der Møre og Romsdal fylkeskommune har peikt på potensial for automatisk freda kulturminne.

2: Eventuelle marine kulturminne som blir funne under arbeid i sjø skal meldast, og arbeid stansast til avklaring.

3: Tiltaksplan for handtering av forureina grunn skal godkjennast.

4: Berørte areal skal setjast i stand tilnærma lik dagens situasjon etter avslutta arbeid.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.03.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 010/26 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 gir Plan- og miljøutvalet dispensasjon frå: Kommuneplanen sin arealdel for arealformåla *grønnstruktur, friluftsområde, naustområde og sentrumsformål*, der leidningstraséane kryssar desse, plan- og bygningslova § 1-8, om byggeforbod i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag,

plan- og bygningslova § 12-1, krav om reguleringsplan før gjennomføring av tiltak, og områdeplan for Langevåg, kravet om utarbeiding av detaljert situasjonsplan for kai- og badeområde før tiltak kan gjennomførast.

Dispensasjonen gjeld etablering av nye vatn- og avløpsleidningar på strekningane Sulatunet–Lerheims kaia og Kippervika–Orkevika, med tilhøyrande anlegg.

Grunngjeving: Tiltaket er ein nødvendig del av nytt og framtidsretta avløpssystem for Sula og Ålesund. Leidningane blir lagde i grunnen eller på botn av Vågevatnet og medfører ikkje varig hinder for ferdsel, friluftsliv eller landskap. Omsyna bak føresegner og arealformål blir ikkje vesentleg tilsidesett. Fordelane – miljøgevinst,

redusert forureining, oppfylling av reinsekrav og samfunnstryggleik – er klart større enn ulempene.

Vilkår:

1: Arkeologisk registrering etter kulturminnelova § 9 skal gjennomførast før oppstart der Møre og Romsdal fylkeskommune har peikt på potensial for automatisk freda kulturminne.

2: Eventuelle marine kulturminne som blir funne under arbeid i sjø skal meldast, og arbeid stansast til avklaring.

3: Tiltaksplan for handtering av forureina grunn skal godkjennast.

4: Berørte areal skal setjast i stand tilnærma lik dagens situasjon etter avslutta arbeid.

011/26: Kommunedelplan for vassforsyning, avløp og overvatn 2026-2036, endeleg behandling

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova §11-15 kommunedelplan for vassforsyning, avløp og overvatn for Sula kommune for 2026-2036 slik den ligg ved i saka

Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.03.2026

Kommunedirektør ved einingsleiar Havnegjerde orienterte.
Saka vart drøfta.

Jan Magnar Sandvik (SUL):

Som kommunedirektør si innstilling med slikt tillegg:

Vedtaket fører ikkje til økonomiske eller administrative konsekvensar, men kommunedelplanen og handlingsdelen vil være grunnlag for å sette opp dei årlege rammeløyvingane og for strategisk investering.

Ved avstemming sette ein kommunedirektør si innstilling opp mot forslaget frå Sandvik. Forslaget frå Sandvik vart samrøystes vedtatt.

PM - 011/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova §11-15 kommunedelplan for vassforsyning, avløp og overvatn for Sula kommune for 2026-2036 slik den ligg ved i saka.

Vedtaket fører ikkje til økonomiske eller administrative konsekvensar, men kommunedelplanen og handlingsdelen vil være grunnlag for å sette opp dei årlege rammeløyvingane og for strategisk investering.

012/26: Planomriss og avgrensing av reguleringsplan for trygg skuleveg

Kommunedirektøren si innstilling:

Plan og miljøutvalet vedtek forelagt reguleringsplanavgrensning, planomriss, vist på kart datert 29.02.2026. Varsel om oppstart av reguleringsplan er i tråd med vedtak i K-sak nr.098/25 og F-sak 129/25.

Utvalet ber kommunedirektøren legge varsel av oppstart av reguleringsplan med planavgrensning ut til offentlig ettersyn, i tråd med plan og bygningslova § 12-8.

Arealet gjeld frå Langevåg skule mot vest innanfor gitt avgrensning i kartet.

Formålet med reguleringsplan er å legge til rette for å betra forhold for mjuke trafikantar innan gitt planavgrensning.

Økonomisk inndekning for reguleringsplanarbeidet er gitt i K-sak nr.098/25.


Varsel om oppstart av reguleringsplan og planomriss skal kunngjerast og leggst ut til offentlig ettersyn, med seks vekers frist for uttale.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.03.2026

Saka vart drøfta.

Jan Arne Sletta (H):

Som kommunedirektøren si innstilling, men med utvida planomriss, slik revidert kart av 03.03.26 viser:




Øystein Båtnes (FRP):

Som kommunedirektøren si innstilling, men der høringsfristen blir utvida til 8 veker.

Ved avstemming sette ein kommunedirektør si innstilling opp mot forslaga frå Sletta og Båtnes. Forslaga frå Sletta og Båtnes vart samrøystes vedtatt.

PM - 012/26 Vedtak:

Plan og miljøutvalet vedtek forelagt regulgeringsplanavgrensning, planomriss, vist på kart datert 03.03.2026:



Varsel om oppstart av reguleringsplan er i tråd med vedtak i K-sak nr.098/25 og F-sak 129/25.

Utvalet ber kommunedirektøren legge varsel av oppstart av reguleringsplan med planavgrensning ut til offentlig ettersyn, i tråd med plan og bygningslova § 12-8. Arealet gjeld frå Langevåg skule mot vest innanfor gitt avgrensing i kartet. Formålet med reguleringsplan er å legge til rette for å betra forhold for mjuke trafikantar innan gitt planavgrensing.

Økonomisk inndekning for reguleringsplanarbeidet er gitt i K-sak nr.098/25.

Varsel om oppstart av reguleringsplan og planomriss skal kunngjerast og leggst ut til offentlig ettersyn, med 8 vekers frist for uttale.

013/26: Varsling av oppstart og kunngjering om temaplan for naturmangfald

Kommunedirektøren si innstilling:

Plan og miljøutvalet vedtek at arbeidet med temaplan for naturmangfald starter opp i tråd med vedtatt samfunnsplan. Samfunnsplan er vedtak i K-sak nr. 036/25 den 24.04.2025.

Plan og miljøutvalet i Sula kommune tilrår at administrasjonen varsler oppstart av planarbeid og legg forslag til planprogram for naturmangfald ut på offentlig ettersyn i seks veker, jf. plan- og bygningsloven §§ 4.1, 11.12 og 11.13.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.03.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 013/26 Vedtak:

Plan og miljøutvalet vedtek at arbeidet med temaplan for naturmangfald starter opp i tråd med vedtatt samfunnsplan. Samfunnsplan er vedtak i K-sak nr. 036/25 den 24.04.2025.

Plan og miljøutvalet i Sula kommune tilrår at administrasjonen varsler oppstart av planarbeid og legg forslag til planprogram for naturmangfald ut på offentlig ettersyn i seks veker, jf. plan- og bygningsloven §§ 4.1, 11.12 og 11.13.

014/26: Rapportering frå eining for eigedom og eining for tekniske tenester

Plan- og miljøutvalet tek orientering til vitande.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.03.2026

Einingsleiar Teknisk orienterte om aktuelle tema:

- Avløpssituasjon.
- Arealplan: Ny planlegger startar i stillinga i april. Det er varsla oppstart av planen med høyringsfrist 15.april. Fleire innspel er alt kome inn.
- Molværsvassdraget.
- Leirvågdaalen/Leirvågfossen: Meir informasjon om denne saka kjem i neste møte.

Viser elles til vedlagte presentasjonar.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 014/26 Vedtak:

Plan- og miljøutvalet tek orientering til vitande.

015/26: Gnr 74 bnr 275 - Dispensasjonsvurdering i samband med søknad om Ny bustad

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 21-4 og 19-2 tilrår kommunedirektøren at søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen sitt krav om å opparbeide regulert vegløyning vert avslått.

Grunngjeving for avslag på dispensasjon: Kravet om opparbeidd vegløyning er vedteke av omsyn til trafikktryggleik, kapasitet og heilskapleg planlegging av bustadområdet. Statens vegvesen, Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunal vegmynde har vurdert eksisterande veg som smal, bratt og uoversiktleg og tilrår avslag på dispensasjon med bakgrunn i presedensfare og kjende trafikale utfordringar.

Å opne for at tiltaket kan nytte eksisterande veg i strid med regulert løysing vil vesentleg tilsidesette omsyna bak planen. Fordelane ved tiltaket er ikkje klart større enn ulempene.

Vilkåra i pbl. § 19-2 er difor ikkje oppfylte.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.03.2026

Saka vart drøfta.

Fellesforslag utarbeidd i møte:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 21-4 og 19-2 vedtek plan- og miljøutvalet at søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen sitt krav om å opparbeide regulert vegløyning vert gitt.

Grunngjeving for dispensasjon: sidan omsøkte bustad erstattar eksisterande næringsbygg som har hatt stor trafikk, meiner Plan- og miljøutvalet at det ikkje vil medverke til auke trafikkmengdene, snarare tvert om.

Fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene. Vilkåra i pbl. § 19-2 er difor oppfylte.

Ved avstemming sette ein kommunedirektøren si innstilling opp mot fellesforslag utarbeidd i møte. Fellesforslaget vart samrøystes vedtatt.

PM - 015/26 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 21-4 og 19-2 vedtek plan- og miljøutvalet at søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen sitt krav om å opparbeide regulert vegløyning vert gitt.

Grunngjeving for dispensasjon: sidan omsøkte bustad erstattar eksisterande næringsbygg som har hatt stor trafikk, meiner Plan- og miljøutvalet at det ikkje vil medverke til auke trafikkmengdene, snarare tvert om.

Fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene. Vilråa i pbl. § 19-2 er difor oppfylte.

016/26: Delegerte saker

Delegerte saker vert tatt til vitande slik dei ligg føre.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.03.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 016/26 Vedtak:

Delegerte saker vert tatt til vitande slik dei ligg føre.

017/26: Eventuelt - spørsmål - orienteringar

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.03.2026

Jan Magnar Sandvik (SUL): oversendingsforslag

Plan- og miljøutvalet ber kommunedirektør starte med grunnkjøp langs Remane (ref. ferdig reguleringsplan), slik at ein kan starte prosess med anbod / realisering / bygge gangveg langs Remane-vegen frå vest til Langevåg stadion. Økonomisk inndekning er gitt i K-sak nr 098/25.

Kommunedirektør kjem tilbake til utvalet med ei sak om dette seinare.

PM - 017/26 Vedtak:

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

018/26: Gnr 64 bnr 106 - Klage på vedtak - Dispensasjons frå rekkefølgekrav mm

Kommunedirektøren si innstilling:

Plan- og miljøutvalet tek ikkje klaga, datert 26.01.2026, til følgje.

Det opphavlege vedtaket i sak P-076/25 av 16.12.2025, om dispensasjonar knytt til framtidig einebustad på gnr. 64 bnr. 106, vert difor oppretthalde.

Saka skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd og plan- og bygningslova § 1-9 siste ledd. Partane i saka skal underrettast om vedtaket, jf. forvaltningslova § 27.

Grunngjeving:

Det er ikkje avdekt feil ved det påklaga vedtaket. Det ligg heller ikkje føre andre forhold som tilseier at vedtaket bør endrast eller opphevast.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.03.2026

Kommunedirektør si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 018/26 Vedtak:

Plan- og miljøutvalet tek ikkje klaga, datert 26.01.2026, til følge.

Det opphavlege vedtaket i sak P-076/25 av 16.12.2025, om dispensasjonar knytt til framtidig einebustad på gnr. 64 bnr. 106, vert difor oppretthalde.

Saka skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd og plan- og bygningslova § 1-9 siste ledd.

Partane i saka skal underrettast om vedtaket, jf. forvaltningslova § 27.

Grunngjeving:

Det er ikkje avdekt feil ved det påklaga vedtaket. Det ligg heller ikkje føre andre forhold som tilseier at vedtaket bør endrast eller opphevast.

019/26: Gnr 94 bnr 403 m.fl. - Rammeløyve - Overføringsleidningar i sjø - Dispensasjon

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) gir Plan -og Miljøutvalet godkjenning til **rammeløyve** for omsøkte tiltak i sjø. Dette i søknadsbehandling jf. pbl. § 20-1.

Løyvet gis på følgande vilkår:

- Anleggsarbeidet skal kun utførast i perioden mellom august og desember, utanom gyte- og tidlig oppvekstperiode til Borgundfjordtorsken.
- Jamfør uttale frå Fiskeridirektoratet bør leidninga følge bunntopografien, utan frie heng i vassmassene. Leidninga må utformast utan større risiko for hekte av fiskeredskap.
- Sjøledninga sin posisjon skal meldast til Kartverket for innteikning i sjøkart.
- Tiltaket skal utførast med tett dialog med berørte fiskeproduksjon-bedrifter langs sjøstrekinga.
- Før arbeidet kan starte, skal igangsettingsløyve vere gitt. Tiltaket skal vere dekt med ansvar frå godkjente føretak, ein oppdatert gjennomføringsplan med relevante ansvarserklæringar skal medfølge søknaden.

Dispensasjonsvurdering.

Jf. pbl. § 19-1 blir det søkt om dispensasjon frå følgjande forhold:

1. Plan og bygningslova § 1-8 forbud mot tiltak langs sjø og vassdrag. Jf. pbl § 19-2 blir omsøkte dispensasjon godkjent.

Grunngjeving: Dei særlige hensyna bak bestemmelsen for natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser vil ikkje bli vesentlig tilsidesett.

Tiltaket er eit samfunnskritisk tiltak som vil ivareta miljøhensyn, natur for almenn nytte.

2. "Kommuneplanen sin arealdel" sitt formål om bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone for natur, fiske, friluftsliv og friluftsliv (NFFF). Jf. pbl § 19-2 blir omsøkte dispensasjon godkjent.

Grunngjeving: Bruk av området vil ikkje bli vesentlig tilsidesatt oppimot natur, fiske og sjøferdsel. Fiskeridirektoratet uttaler at omsøkt overføringsledning ikkje vil ha vesentlige negative konsekvenser for fiskeriinteressene. Tiltaket er i tråd med hensyna bak arealformålet.

3. "Sentrumsplanen" for Langevåg sitt formål friluftsområde i sjø, badeområde, ferdsel og kai. Jf. pbl § 19-2 blir omsøkte dispensasjon godkjent.

Grunngjeving: Omsøkte rørledning skal forankrast i sjøbotn og bli nedgravd ved overføringar til landfaste installasjonar. Berørt strandsone skal tilbakeførast tilsvarende dagens situasjon. Tiltaket vil gi reinare natur og fjord for rekreasjon og bading.

4. "Reguleringsplan Stadsneshamna" sitt formål småbåthamn og friluftsområde i sjø og vassdrag. Jf. pbl § 19-2 blir omsøkte dispensasjon godkjent.

Grunngjeving: Området kan fortsatt brukast til havn og småbåt-anlegg.

Overføringsledningane er planlagt forankra på djupne som vil ivareta sjøvert ferdsel og friluftsområde i sjø.

5. "Detaljregulering for gnr 99 bnr 357 m.fl. Åregjerdevågen" sitt formål småbåtanlegg. Jf. pbl § 19-2 blir omsøkte dispensasjon godkjent.

Grunngjeving: Overføringsledninga vil ligge på sjøbotnen og vil ikkje vere til hinder for bruk av sjøferdsel eller båtanlegg.

6. Krav om reguleringsplan, pbl § 12-1. Jf. pbl § 19-2 blir omsøkte dispensasjon godkjent.

Grunngjeving: Det er gjort prosjektering, undersøkelser og høyringsrunde i stort omfang. Planprosessen sitt krav til medvirkning for berørte partar og myndigheiter er ivaretatt.

Jf. pbl. § 33-1 skal det betalast saksgebyr, jf. Sula kommune sitt gjeldande gebyrregulativ.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.03.2026

Kommunedirektør si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 019/26 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) gir Plan -og Miljøutvalet godkjenning til **rammeløyve** for omsøkte tiltak i sjø. Dette i søknadsbehandling jf. pbl. § 20-1.

Løyvet gis på følgende vilkår:

- Anleggsarbeidet skal kun utførast i perioden mellom august og desember, utanom gyte- og tidlig oppvekstperiode til Borgundfjordtorsken.
- Jamfør uttale frå Fiskeridirektoratet bør leidninga følge bunntopografien, utan frie heng i vassmassene. Leidninga må utformast utan større risiko for hekte av fiskeredskap.
- Sjøledninga sin posisjon skal meldast til Kartverket for innteikning i sjøkart.
- Tiltaket skal utførast med tett dialog med berørte fiskeproduksjon-bedrifter langs sjøstrekinga.
- Før arbeidet kan starte, skal igangsettingsløyve vere gitt. Tiltaket skal vere dekt med ansvar frå godkjente føretak, ein oppdatert gjennomføringsplan med relevante ansvarserklæringar skal medfølge søknaden.

Dispensasjonsvurdering.

Jf. pbl. § 19-1 blir det søkt om dispensasjon frå følgjande forhold:

1. Plan og bygningslova § 1-8 forbud mot tiltak langs sjø og vassdrag. Jf. pbl § 19-2 blir omsøkte dispensasjon godkjent.

Grunngjeving: Dei særlege hensyna bak bestemmelsen for natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser vil ikkje bli vesentlig tilsidesett. Tiltaket er eit samfunnskritisk tiltak som vil ivareta miljøhensyn, natur for almenn nytte.

2. "Kommuneplanen sin arealdel" sitt formål om bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone for natur, fiske, friluftsliv og friluftsliv (NFFF). Jf. pbl § 19-2 blir omsøkte dispensasjon godkjent.

Grunngjeving: Bruk av området vil ikkje bli vesentlig tilsidesatt oppimot natur, fiske og sjøferdsel. Fiskeridirektoratet uttaler at omsøkt overføringsledning ikkje vil ha vesentlige negative konsekvenser for fiskeriinteressene. Tiltaket er i tråd med hensyna bak arealformålet.

3. "Sentrumsplanen" for Langevåg sitt formål friluftsområde i sjø, badeområde, ferdsl og kai. Jf. pbl § 19-2 blir omsøkte dispensasjon godkjent.

Grunngjeving: Omsøkte rørledning skal forankrast i sjøbotn og bli nedgravd ved overføringar til landfaste installasjonar. Berørt strandsone skal tilbakeførast tilsvarende dagens situasjon. Tiltaket vil gi reinare natur og fjord for rekreasjon og bading.

4. “Reguleringsplan Stadsneshamna” sitt formål småbåthamn og friluftsområde i sjø og vassdrag. Jf. pbl § 19-2 blir omsøkte dispensasjon godkjent.

Grunngjeving: Området kan fortsatt brukast til havn og småbåt-anlegg.

Overføringsleidingane er planlagt forankra på djupne som vil ivareta sjøvert ferdsel og friluftsområde i sjø.

5. “Detaljregulering for gnr 99 bnr 357 m.fl. Åregjerdevågen” sitt formål småbåtanlegg. Jf. pbl § 19-2 blir omsøkte dispensasjon godkjent.

Grunngjeving: Overføringsledninga vil ligge på sjøbotnen og vil ikkje vere til hinder for bruk av sjøferdsel eller båtanlegg.

6. Krav om reguleringsplan, pbl § 12-1. Jf. pbl § 19-2 blir omsøkte dispensasjon godkjent.

Grunngjeving: Det er gjort prosjektering, undersøkelser og høyringsrunde i stort omfang. Planprosessen sitt krav til medvirking for berørte partar og myndigheiter er ivaretatt.

Jf. pbl. § 33-1 skal det betalast saksgebyr, jf. Sula kommune sitt gjeldande gebyrregulativ.

020/26: Gnr 63 bnr 142 m.fl. - Ålesund kommune - Rammeløyve for pumpestasjon - Dispensasjon

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) gir Plan -og Miljøutvalet godkjenning til **rammeløyve** for omsøkte tiltak på eigedom gnr. 63 bnr. 142 m.fl. ved Olamyrvegen, 6037 Eidsnes. Dette i søknadsbehandling jf. pbl. § 20-1, og på dei vilkår som er nemnt nedanfor.

- Før arbeidet blir igangsett, skal igangsettingsløyve vere gitt. Tiltaket skal vere dekt med ansvar frå godkjente føretak.
- Før det blir gitt igangsettingsløyve, skal samtykke frå Arbeidstilsynet ligge føre

Dispensasjon.

Jf. pbl. § 19-1 blir det søkt dispensasjon frå pbl. § 1-8 frå forbudet mot tiltak innanfor 100-metersbeltet til sjø -og vassdrag. Jf. pbl. § 19-2 blir omsøkte dispensasjon godkjent.

Grunngjeving:

Hensyna bak bestemmelse pbl. § 1-8 vil ikkje bli vesentlig tilsidesett. Tiltaket vil ivareta miljøhensyn, natur og allmenne interesser. Tiltaket er i tråd med regulert formål offentleg - kommunalteknisk anlegg. Statsforvalter og fylkeskommune har ingen merknadar til tiltaket.

Jf. pbl. § 33-1 skal det betalast saksgebyr, jf. kommunens gjeldande gebyrregulativ.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.03.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 020/26 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) gir Plan -og Miljøutvalet godkjenning til **rammeløyve** for omsøkte tiltak på eigedom gnr. 63 bnr. 142 m.fl. ved Olamyrvegen, 6037 Eidsnes. Dette i søknadsbehandling jf. pbl. § 20-1, og på dei vilkår som er nemnt nedanfor.

- Før arbeidet blir igangsett, skal igangsettingsløyve vere gitt. Tiltaket skal vere dekt med ansvar frå godkjente føretak.
- Før det blir gitt igangsettingsløyve, skal samtykke frå Arbeidstilsynet ligge føre

Dispensasjon.

Jf. pbl. § 19-1 blir det søkt dispensasjon frå pbl. § 1-8 frå forbudet mot tiltak innanfor 100-metersbeltet til sjø -og vassdrag. Jf. pbl. § 19-2 blir omsøkte dispensasjon godkjent.

Grunngjeving:

Hensyna bak bestemmelse pbl. § 1-8 vil ikkje bli vesentlig tilsidesett. Tiltaket vil ivareta miljøhensyn, natur og allmenne interesser. Tiltaket er i tråd med regulert formål offentleg - kommunalteknisk anlegg. Statsforvalter og fylkeskommune har ingen merknadar til tiltaket.

Jf. pbl. § 33-1 skal det betalast saksgebyr, jf. kommunens gjeldande gebyrregulativ.

021/26: Gnr 109 bnr 380 - Vedtak for rammeløyve - Pumpestasjon - Dispensasjon

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) gir Plan -og Miljøutvalet godkjenning til **rammeløyve** for omsøkte tiltak på eigedom gnr. 109 bnr. 380 på Geilneset, 6030 Langevåg. Dette i søknadsbehandling jf. pbl. § 20-1. Løyvet gis på følgande vilkår:

- Før arbeidet kan starte, skal igangsettingsløyve vere gitt. Tiltaket skal vere dekt med ansvar frå godkjente føretak, og Arbeidstilsynet skal ha gitt samtykke til tiltaket.
- Tiltaket skal plasserast på trygg byggegrunn jf. byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3. Rapport med *geoteknisk prosjektering og føringer for utførelse* datert 23.09.25, og Risiko og sikkerheits-analyse, datert 26.01.26 skal ligge til grunn for gjennomføring av tiltaket.

- Om ein under arbeid kjem over noko som kan vere freda kulturminne, må arbeidet stoppast og fylkeskommunen skal kontaktast, jf. kulturminnelova § 8, andre ledd.

Dispensasjon.

Jf. pbl. § 19-1 blir det søkt dispensasjon frå regulert formål badeplass i “Områdeplan for Langevåg sentrum”. Jf. pbl. § 19-2 blir omsøkte dispensasjon godkjent.

Grunngjeving:

Leidningane er tenkt nedgravd utan vere synleg i terrenget. Tiltaket vil ivareta viktige miljøhensyn og allmenn bruk, bade -og friluftsliv kan nyttast i tråd med regulert formål når tiltaket er ferdigstilt.

Dispensasjon.

Jf. pbl. § 19-1 blir det søkt dispensasjon frå pbl. § 1-8 og forbud mot tiltak innanfor 100-metersbeltet til sjø -og vassdrag. Jf. pbl. § 19-2 blir omsøkte dispensasjon godkjent.

Grunngjeving:

Hensyna bak bestemmelse pbl. § 1-8 vil ikkje bli vesentlig tilsidesett. Tiltaket er tenkt gjennomført med særlege hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Jf. pbl. § 33-1 skal det betalast saksgebyr, jf. Sula kommune sitt gjeldande gebyrregulativ.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.03.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

PM - 021/26 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) gir Plan -og Miljøutvalet godkjenning til **rammeløyve** for omsøkte tiltak på eigedom gnr. 109 bnr. 380 på Geilneset, 6030 Langevåg. Dette i søknadsbehandling jf. pbl. § 20-1. Løyvet gis på følgande vilkår:

- Før arbeidet kan starte, skal igangsettingsløyve vere gitt. Tiltaket skal vere dekt med ansvar frå godkjente føretak, og Arbeidstilsynet skal ha gitt samtykke til tiltaket.
- Tiltaket skal plasserast på trygg byggegrunn jf. byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-3. Rapport med *geoteknisk prosjektering og føringar for utførelse* datert 23.09.25, og Risiko og sikkerheits-analyse, datert 26.01.26 skal ligge til grunn for gjennomføring av tiltaket.
- Om ein under arbeid kjem over noko som kan vere freda kulturminne, må arbeidet stoppast og fylkeskommunen skal kontaktast, jf. kulturminnelova § 8, andre ledd.

Dispensasjon.

Jf. pbl. § 19-1 blir det søkt dispensasjon frå regulert formål badeplass i “Områdeplan for Langevåg sentrum”. Jf. pbl. § 19-2 blir omsøkte dispensasjon godkjent.

Grunngjeving:

Leidningane er tenkt nedgravd utan vere synleg i terrenget. Tiltaket vil ivareta viktige miljøhensyn og allmenn bruk, bade -og friluftsliv kan nyttast i tråd med regulert formål når tiltaket er ferdigstilt.

Dispensasjon.

Jf. pbl. § 19-1 blir det søkt dispensasjon frå pbl. § 1-8 og forbud mot tiltak innanfor 100-metersbeltet til sjø -og vassdrag. Jf. pbl. § 19-2 blir omsøkte dispensasjon godkjent.

Grunngjeving:

Hensyna bak bestemmelse pbl. § 1-8 vil ikkje bli vesentlig tilsidesett. Tiltaket er tenkt gjennomført med særlege hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Jf. pbl. § 33-1 skal det betalast saksgebyr, jf. Sula kommune sitt gjeldande gebyrregulativ.